

– Fiber er viktigare enn du trur

Bent Ove Byberg legg vekt på holdvurdering og å finna den gode balansen i heile livssyklusen til purkene.

■ Eirik Stople

– Dette ser bra ut, men her kunne du med fordel strupt litt på kraftfôret, kommenterer FKRA-konsulent, Gert Vognstoft. Vi er i grisehuset til Bent Ove Byberg, på Byberg i Sola kommune. Han la om frå slaktegrisproduksjon til kombinertproduksjon i 2009. Nå produserer han 1.300 slaktegris i året og sel 3-400 smågris til sonen, Bjørn Otto.

– Svineproduksjonen har hovudfokus, men eg er også aktiv deltakar i ei mjølkesamdrift med ein kvote på 550.000 liter, fortel Bent Ove.

I dag er det svineproduksjonen som er tema.

Problem med magesår

Gert Vognstoft har arbeidd med gris og fôrutvikling i 27 år. Han fortel at danskane fekk problem med magesår på gjeldpurkene då dei gjekk over til frittgåande purker. Ein vesentleg grunn til det, er at purkene stressar kvarandre i lausdrift. Tal frå Danmark synte at 50-60 prosent av purkene utvikla magesår.

– USK test frå slakteria viser at problemet med magesår er tilsvarende i Norge, fortel svinerådgivaren.



Bent Ove Byberg delar erfaringar frå eigen svineproduksjon.

Brakar roepelletts

– Fiber på menyen til gjeldpurkene er mykje viktigare enn du trur, understrekar Gert.

Han ivrar sterkt for at norske svineprodusentar må ta i bruk roepelletts som «helsekost» til purkene. Fiberfraksjonen i roepelletts gir ein metthetsfølelse og roar purkene.

I praksis

Bent Ove har gitt roesuper i halvanna år.

– Korleis legg du opp fôringa?

– Eg begynner med roesuper til gjeldpurkene og ungpurkene to veker etter inseminering. Då fôrar eg med

den vanlege grunnrasjonen av Format Purke Soft gjennom våtfôringsanlegget og gir ut roesuper manuelt. I mitt fôringsregime gir eg grunnrasjonen med våtfôr ein gong i døgnnet og to gonger med vatn, pluss ei tildeling med fiber (roesuper). Det er lurt å gi fiber når eg skal stelle for å få purkene opp. Då er det greitt å måke og å ta den daglege inspeksjonen av dyra. Gjeldpurkene får totalt 2,6-2,8 FEN per dag.

– Eg gir 0,3 kg roesuper per purke som tilsvarar 0,2 FEN. Dette korrigerer eg for på grunnrasjonen.

– Tre veker før grising erstatter eg roesuper med Format Fødsel som er

Siri Margrethe og Bent Ove Byberg driv med gris i kombinertbesetning på Byberg, i Sola kommune. Siri Margrethe har full jobb utanfor garden, men deltar i drifta ved behov. Bent Ove arbeidar fulltid på garden. Dei har barna Bjørn Otto (22), Hanne Beth (21), Ole Morten (18) og Celine

(15). Bjørn Otto og Bent Ove driv mjølkesamdrift i robotfjøs med ein kvote på 550.000 liter. Samdrifta ligg utafor heimegarden. Bjørn Otto har driftsleiinga i fjøset, og eig maskinparken. Om sommaren driv han som maskinentreprenør for faste kundar.

Bent Ove produserer 1.300 slaktegris i året og sel 3-400 smågris til Bjørn Otto, som fôrar dei fram til slakt. Heimegarden er på 150 dekar dyrka jord og 40 dekar kulturbeite. Dei har ikkje faste tilsette og familien avløyser kvarandre.



Holdvurdering av purkene må få auka fokus, meiner Gert Vognstoft.

Smågrisen oppnår 30 kilo raskare enn tidlegare.

tilpassa purkene sitt behov. Eg gir 1,5 kg Format Fødsel (manuelt) pluss 2 FEn Format Purke Soft per dag dei siste 3 vekene før grising, og gir Format Fødsel fram til 2-3 dagar etter grising. Normalt går det med 30-40 kilo Format Fødsel per purke i denne perioden.

– På grunn av fiberfòret som svell opp i magen, er purka klar for dei store kraftfòrvoluma som blir tildelt etter grising. Format Fødsel er med å stabiliserer overgangane slik at purka taklar overgangen til den krevjande dieperioden utan å miste appetitten og holdet. Det handlar om å gjera purka klar for grising.

Fibereffekt

Gert Vognstoft viser til danske forsøk ved Århus Universitet om effektar ved bruk av fiber. Gert forklarar hovudeffektane.

– Fiberfòring har effekt både på purkene og på grisungane. Grisungane blir større og meir vitale ved fødsel. Dei har eit større råmjølk-

opptak og tida frå fødsel til opptak av råmjølk blir redusert. Det er mindre dødelegheit frå fødsel til avvenning. Det er registrert auka levandevekt på 21 dagars-registreringa.

– For purkene var utgangspunktet å løysa eit stort problem med magesår på grunn av lausdrift i drektigheitsperioden. I forsøk er det dokumentert at frekvensen av magesår går ned frå 50-60 prosent til 10-15 prosent når ein gir tilleggsfòr med fiber. Den effekten betyr mykje for trivselen til purka. Ho er meir robust for grising og dieperiode. Dei magre purkene er mest utsett for magesår.

– Ei vital purke i god kondisjon gjer den mindre sårbar under og etter grising, jfr forstoppelse, grisingsfeber, appetitt med meir. Dessutan er det registrert auka råmjølkproduksjon ved systematisk fòring av fiberrike fòrmiddel.

Holdvurdering

Eit anna tema som Gert brenn for,

er auka fokus på holdvurdering. Det gjeld å ha styring på holdet i alle fasane til purka, frå bedekking via drektigheitsfase, grising og dieperiode, til ny inseminering. Utfordringa er å ha ei purke som kjem ut av fødeavdelinga i tilfredstillande hold og går inn i fødeavdelinga utan å vera feit. Igjen syner Gert til danske forsøk, nå om samanhengen mellom hold og mjølkeevne:

Hold	Tilvekst smågris, gram/gris/dag
Mager purke	100
Normal purke	130
Feit purke	60

Tala syner halv melkeyting målt i tilvekst smågris, på feite purker samanlikna med purker i optimalt hold. Feite purker kjem dessutan normalt med færre og mindre ungar.

– Fiber er eit viktig verktøy, også for å styra holdet, understrekar Gert. ►



Fôring av smågrisen

– Eg har gått over til å nytta det nyutvikla fôret Format Kvikk 160 F, som inneheld fiskemjøl, i smågriseprioden. Vi startar forsiktig med Kvikk allereie første veka. Seinare strør vi Kvikk på golvet i smågrishjørna, fire gonger om dagen. For kullet, er vi oppe på ein til halvanna kilo Kvikk per dag ved avvenning, fortel Bent Ove.

Jernforsyninga løyser han med å gi smågristorv to gonger til dagen. Kvikk 160 spelar også ei nøkkelrolle i den krevjande perioden etter avvenning.

Produksjonsdata

Bent Ove har eit produksjonsopplegg med sju vekers puljer. Han registrerer i Ingris. Siste året hadde han eit produksjonsresultat på 27,5 avvende griser per årspurke, som var ein oppgang på ein gris frå 2014. Gjennomsnittleg slaktevekt ligg nå på 82 kilo. Det siste året har han korta ned produksjonstida, fram til 30 kilos gris, med ei veke. Det gir både ein økonomisk gevinst og ein gevinst på miljørada. Nå har han tid til å venta på at bingane tørkar grundig ut etter vask.

Driftsopplegg

- Tidlegare kjørte eg med eit eige avlsopplegg i ei lukka besetning. Nå kjøper eg hybridpurker frå ei formeringsbesetning, og er godt nøgd med det. Eg har puljar på 20 purker. For kvar pulje kjøper eg inn 8 ungpurker på 30 kilo. Målet er at 5 av desse blir bedekka og går inn i produksjonen, forklarar Bent Ove.

Smågrisavdelinga, reingjort og klar nytt innsett



FKRA konsulent Gert Vognstoft (t.v) og svineprodusent Bent Ove Byberg, (t.h.) er samde om at fiber er ein viktig fôrfraksjon til purkene.

Han innrømmer at det er ei utfordring å samkjøra bedekkinga av ungpurkene med resten av pulja. Først etter tredje brunstimulering ved flytting, blir ungpurkene bedekte.

– Det er ei utfordring å få konsentrert grising, seier Bent Ove.

Helsestatus

Bent Ove meiner å ha registrert dei helseeffektane av fiberfôring og fokus på haldvurdering som Gert Vognstoft omtalar. Ein meir vital gris kan også ha ein samanheng med det nye avlsmateriale til Norsvin på yorkshirelinja (farlinja). Han køyrer standard vaksinasjonsprogram mot Cirko-, Parvo- og E. coli-virus.

- Alle er interesserte

I grisehuset er det Bent Ove som har leiinga. I fjøset er det Bjørn Otto som er sjefen.

– Vi er i den heldige situasjon at heile familien er interesserte i gardsdrifta. Difor avløyser familien kvarandre, avsluttar Bent Ove.



Roesuper ekspanderer kraftig i vatn. Den roar purka og gir den ei kjensle av å vera mett.

– Fiberfraksjonen i roer har ei rad positive effektar i svineproduksjonen, meiner Gert Vognstoft.